

Hordaland fylkeskommune
Regionalavdelinga
regional@hfk.no

Knarvik 1. desember 2016

Klage på avslag på søknad om tilskot til YOU-messa i Nordhordland 2016

Me viser til dykkar avslag på søknad nr. 2016 – 0220. Me ynskjer hermed å bruka retten til å klaga på avslaget.

Me er kjent med at Hordaland fylkeskommune gjev eit årleg tilskot andre yrkesmesser i Hordaland, t.d. Yrkeslabyrinten utdanningsmesse. I lys av dette stiller me oss undrande til avslaget på søknaden vår, det bør vera eit mål at aktørar i fylket som arbeider med same formål vert handsama ut frå like og gitte kriterier, og har dei same rammebetingelser.

Yrkes- og utdanningsmessa for Nordhordland er eit arrangement for sju av våre kommunar.

- Alle 10.klassingar dvs. ca. 550 elevar frå 20 ungdomsskular har obligatorisk frammøte på messa, i tillegg er det mange 9. klassingar som er innom
- Dei siste 3 åra har me i tillegg hatt fokus på at elevar frå Knarvik VGS og Austrheim VGS også besøker messa, dette særleg med fokus på å skaffa seg ein læreplass!
- Fordi messa er på kveldstid, kjem også mange foreldre, noko me meiner er svært viktig!
- Totalt er det omlag 2000 personar innom messa fordelt på besøkande elevar, foreldre og på dei som jobbar på elev- og yrkesstandane

I år er det 65 stands frå vidaregåande skular, kommunar, verksemder og ulike opplæringskontor. Dette er me svært nøgd med, ikkje minst ut frå dei vanskelege tidene enkelte bransjar opplever no.

YOU-messa i Nordhordland får kjempegod tilbakemelding frå alle kantar, og me ser på messa som svært viktig for ungdommen i overgangen mellom grunnskule – vidaregåande – læretid / lærling – arbeid / vaksenliv.

Imidlertid har ei slik messa kostnader, i år er det budsjettert med utgifter på kr 232 000. Me er derfor avhengig av støtte. I tider då næringslivet slit tenkjer me t det er desto viktigare at det offentlege trør til. Dette gjer kommunane i Nordhordland, og me håpar at Hordaland fylkeskommune både som næringsaktør og skuleeigar kan gjera det same.

Me håpar derfor at Hordaland fylkeskommune vurderer søknaden på nytt med håp om positivt resultat.

Med venleg helsing



Rune Heradstveit
Dagleg leiar
Nordhordland Utviklingsselskap IKS